
Saksh.: Claus Røynesdal
Arkivsak: 14/1050

Arkiv: 131

Saksnr.: Utval
10/14 Sogn regionråd

Møtedato
07.05.2014

Sak **8/14**

Programplan for «System for styrka læring»

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek overordna programplan for "System for styrka læring" slik den ligg føre. Programstyret i "System for styrka læring" utarbeidar tiltaksplan for kvart skule- og barnehageår.

Vedlegg:

- Brev til kommunane med oppmading om drøfting lokalt
- Framlegg til overordna programplan for System for styrka læring, versjon 7. mai 2014
- Høyringsfråsegnene

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Kommunane i Sogn samarbeidde om skule- og barnehageutvikling gjennom prosjektet «Sats på skulen – snu Sogn» frå 2006 – 2012. Prosjektet stod på tre bein; kommunane si rolle som eigarar, leiarutdanning og fagnettverk. System for styrka læring er ei vidareføring av dette samarbeidet, på permanent basis frå 2013 til 2021. Vi skal halde fram med å bruke regionale fagnettverk som verktøy og kompetansestrategi. Men framfor alt handlar også dette programmet om kommunane si rolle som skule- og barnehageeigarar. System for styrka læring skal vere eitt av verktøya kommunane i Sogn skal ta i bruk for å nå nasjonale, regionale og lokale mål.

Vi har eit ambisiøst mål for skule- og barnehageutviklinga i regionen: Å auke læringsutbytte for alle, gjennom tilpassa opplæring og redusert omfanget i bruk av spesialundervisning. Det er ei enkel oppgåve å lage ambisiøse mål. Langt vanskelegare er det å finne fram til dei «rette» programområda/strategiområda og dei konkrete tiltaka. Kva skal vi gjere for å nå dei overordna måla, kven skal gjere kva og til kva tid, og korleis veit vi at vi gjer dei rette grepene. Regionalt utviklingsarbeid er med andre ord ei krevjande og samansett utfordring. Regionrådet initierer tiltaket, programstyret og kommunane arbeider med å implementere programmet, og kommunane, skulane og barnehagane har ansvar og arbeidet med å gjere programmet og tiltaka til sitt eige; å instissjonalisere nye måtar, verktøy, haldningar og strategiar. Utviklingsarbeid tek tid. Måloppnåing og gode resultat fordrar ein godt avklara og omforeint plan for kva som skal gjerast.

Programstyret har arbeidd med overordna programplan i tre møte, 21. juni 2013, 8. november 2013 og 25. februar 2014. Framlegg til overordna plan vart sendt ut på høyring til kommunane 10. mars, med frist for attendemelding 4. april. Ei gruppe frå programstyret hadde møte 8. april og arbeidde med dei 8 høyringsfråsegna.

Attendemeldingane kan delast i to kategoriar; synspunkt på framlegg til overordna plan, og innspel til konkrete tiltak. Sogn regionråd vedtek dei overordna styringsdokumenta, slik at denne saksutgreiinga konsentrerer seg om attendemeldingane til form, struktur og innhald på den overordna programplanen – og kva grep kommunane og regionrådet bør gjere for å realisere dei overordna måla.

Når det gjeld dei seks programområda konkluderer Vik kommune i sitt høyringsfråsegn på ein god måte:

«Skal vi lukkast med satsinga må vi sjå programområda som ei «plukkliste» med tilbod vi tilpassar kommunen/ skulane sin utviklingsplan. På den måten kan vi få naudsynt påfyll, for så i neste omgang bidra overfor andre som kjem etter (eller likt med) oss i løypa».

Programstyret i System for styrka læring har sitt neste møte 25. mai, der vi vil arbeide vidare med dei konkrete tiltaka på dei seks programområda for komande skule- og barnehageår.

Hovudinhaldet i høyringsfråsegnene er:

1. Forankring av det regionale utviklingsprogrammet på kommune, skule og barnehagenivå.
Det heilt avgjerande momentet er kommunane si eigarrolle.
2. Kommunane bør ha eit kommunalt «programstyre».
3. Samhandling med Barnehage- og skuleregion Sogn/ avklaring av oppgåver og ansvar.
4. Satsinga må gjerast så enkelt og konkret som mogleg.
5. Organisering av arbeidslag.

Vurdering av høyringsfråsegnene

I evalueringssrapporten frå Trond Buland ved NTNU, «Sammen så veie vi flere tonn. Evaluering av Sats på skulen – snu Sogn»», vert det peikt på at kommunane gjennom felles innsats nådde mål og tiltak ein truleg ikkje hadde klart åleine. Saman har vi tyngde og kapasitet, og saman kan vi få høg avkastning med låg innsats. Utfordringa i eit slikt regionalt samarbeid er kommunikasjon, eigarskap, samvirke og samhandling. Skule- og barnehageutvikling skjer i kommunane, ikkje i regionrådet. Regionrådet og System for styrka læring er utviklingsagentar og støttefunksjonar for det arbeidet som skal og må gjerast i kommunane. Utfordringa til kommunane er ikkje forvaltinga og tenesteproduksjonen. Hovudutfordringa er utviklingsarbeid og tverrfagleg samarbeid i eit systemisk perspektiv.

Vurdering av dei einskilde hovudmomenta:

1. Forankring. System for styrka læring er eit reiskap for kommunane, og spesielt dei skule- og barnehagefagleg ansvarlege. Programstyret er eit verktøy for kommunane i regionrådet. Difor må programstyret ha tett dialog med Barnehage- og skuleregion Sogn. Samstundes må skule- og barnehageeigar drive eit aktivt forankringsarbeid i eigen organisasjon. Det vil mellom anna seie å drøfte tiltak og satsinga lokalt, forankre det regionale arbeidet i eigne planar og utviklingsmål. Utfordringa vår er samhandling, kommunikasjon, medskaping og samvirke.
2. Både i programplanen og i høyringsfråsegn vert det teke til orde for at kommunane bør ha eit lokalt programstyre. Det kan høyrast ut som eit omfattande tiltak, men i røynda er det å byggje vidare på modellen som til dømes praktiserast i Aurland og Luster, at skulefagleg ansvarleg møtast jamleg med rektorar, styrarar og tillitsvalde til å diskutere og drøfte skule- og barnehageutvikling. Vi må handle lokalt og tenkje regionalt.

3. Samhandling med Barnehage- og skuleregion Sogn (dei skule/bhg. fagleg ansvarlege). Ei konkret høringsfråsegn peikar nettopp på grenseoppgang mellom programstret og Barnehage- og skuleregion Sogn. Programleiar er fast medlem i møta for Barnehage- og skuleregion Sogn, og skriv til dømes referat frå møta. Ein av kommunalsjefane er også medlem i programstyret. Det er ikkje nok at ein skilde personar møter i både forum. Vi må utvikle eit tettare samarbeid. Vi bør difor ha ein felles arbeidsdag for Barnehage- og skuleregion Sogn og programstyret, både for å bli kjende med kvarandre, men også for saman å finne fram til den optimale samarbeidsforma. På ein slik arbeidsøkt bør også kommunane delta med sine hovudtillitsvalde, både frå Utdanningsforbundet og Fagforbundet. Skal vi skape noko saman må alle partane delta.
4. Satsinga må gjerast så enkelt og konkret som mogleg. Dette er eit vesentleg innspel. Samstundes er det slik, at dess meir planen og tiltaka er eigmend og forankra i eigen kommune, dess «enklare» vert både plan og tiltak. Denne planen er ein versjon 1.0. Eit bakgrunnsdokument som peikar på ansvar, eigartilhøve og tiltak. Vi må lage ein versjon 2.0, ein kortfatta versjon som kommuniserer og formidlar på ei grei og oversiktleg måte kvifor vi har programmet, og kva som skal gjerast.
5. Organisering av arbeidslag. Programplanen må vere eit levande dokument, som vert endra og utvikla undervegs i arbeidsprosessen. Planen kan ikkje vere så presis at den formulerer alle tiltak og aktivitetar, men den må peike på ambisjonar og måtar å arbeide på. Arbeidslag er eit slikt døme. Det kan kanskje virke omfattande å etablere arbeidslag. På den andre sida er det i røynda allereie etablerte arbeidslag, slik som rektornettverk, styrarnettverk, Barnehage- og skuleregion Sogn. Vi finn det også naturleg å kople utviklingsrettleiare inn i arbeidslag der det er naturleg. Innanfor område som entreprenørskap og psykisk helse har vi allereie etablerte arbeidslag, der eksterne aktørar bidreg til utviklinga i regionen. Poenget er at vi må auke omfang og aktivitet gradvis, i tett dialog mellom programstyret og Barnehage- og skuleregion Sogn.